



ÅRSMELDING 2022


ÅRSMELDING

IL JOTUN ALLIDRETT

for perioden

1. januar 2022 til 31. desember 2022

PÅ VEG MOT HUNDRE!



Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

www.iljotun.no

Bank
3705.39.43498
Foretaksregisteret
975 702 308



1. Styret sin samansetning

- Leiar: Marianne Sundal
- Økonomi: Marianne Sundal
- Øvrige styrerepresentantar: May Lisbeth Midtun, Jorunn Smedegård, Kristiane Seim, Linn Theres Kristiansen

2. Grupper – utval - komitear - representasjon

- Det er ingen spesielle utval/komitear i allidretten.

3. Møter

- Tal på styremøter i gruppa: 1
- Elles har det føregått mykje informasjon og fordeling av arbeidsoppgåver via lukka gruppe på Messenger.

4. Saker

- Me jobbar heile tida for at ungene skal ha eit godt og variert tilbod og samarbeidar godt med dei ulike særgruppene i idrettslaget. Dei tilbyr ulike aktivitetar og stiller opp for å få lage aktivitet med ungene.

I år har me hatt hjelp frå skigruppa, turngruppa, symjegruppa, fotballgruppa, handballgruppa og innebandy. Innebandy er med for fyrste gong i år, me er glade for at dei er med. Dette bidreg til enda større variasjon i aktivitetstilbodet. Gruppene blir kontakta før aktivitetsplanen blir laga, der dei får komme med ynskjer om kva dagar dei kan vere med. Dei er velkomne til å delta på så mange økter dei sjølv ynskjer.

I tillegg har me leigd inn Bulder & Brak som har hatt kajakkopplæring i bassenget, veldig populært.

Barnas Turlag var med på ein aktivitetsdag i oktober med diverse aktivitetar i rebusløype ute. Populært tilbod, og me er takknemlege for at dei stiller opp.

Treningane har føregått i idrettshallen på tysdagar frå 17.30 – 19.30. 1. og 2. klasse har fyrste timen og 3. og 4. klasse har siste. Ein av klassane har da aktivitet i bassenget, og den andre er inne i sjølve idrettshallen med diverse aktivitetar ut frå aktivitetsplanen.

Det er i tillegg handball for 3. og 4. klasse annakvar torsdag i hallen. Her har foreldre ansvar i lag med handballgruppa.

Turngruppa hadde ei økt med kvar av klassetrinna i vår, samt ei økt i haust. Her har nokre av øktene vore i idrettshallen og nokre i turnhallen. Alle med instruktørar frå turngruppa som har ansvaret for treningane. Her har ungene fått prøve seg på ulike turnøvingar med god hjelp og støtte frå turninstruktørane.

I bassenget har ungene for det meste frileik og bli trygge i vatnet. Symjegruppa stiller opp når dei har anledning. I bassenget har foreldre eige ansvar for ungene, og må vere inne i hallen og følgje med. Dei må vere ute i bassenget med ungar som ikkje er symjedyktige. Me har avtale med badevakter som er der gjennom alle øktene.

Balleiken blir organisert av foreldre som tek dette på dugnad. Det er dei ansvarlege foreldra som bestemmer kva ballspel som skal utførast.

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3705.39.43498
Foretaksregisteret
975 702 308



Skigruppa var oppsett med 5 økter i vinter. Noko måtte avlysast pga dårleg vær/føre, men veldig populære økter når me kan gjennomføre. Dette er ein engasjert gjeng med godt innarbeidde rutinar. Skileik er den einaste aktiviteten der alle klassetrinna er samla på same tidspunkt. Her blir ungane delte slik at 1. og 2.klasse er for seg og 3. og 4.klasse for seg, då får ungane aktivitetar som passar føresetnadene deira.

I år har me fått hatt vaflekafeen open under treningane, og det er foreldre som stiller på dugnad her. I haust har me i tillegg utvida salet med fruktskåler og sportsbarar. Populært alternativ, så det kjem me til å halde fram med.

Elles er det som vanleg arbeid med å lage planar for haust og vår og lage dugnadslistar. Me sørger for at det alltid er vaksne som har ansvar for øktene. Me har valt å halde fram med sms varsling til dei som har dugnad komande veke. På denne måten sikrar me at det vert nok vaksne som stiller opp.

5. Medlemstal

- Frå 1. – 4. klasse er medlemstalet 132 ungar. Det er eit medlem meir enn i fjor. Totalt elevar på skulen i samme trinn er 138 stk, så dei aller fleste er medlem i allidretten.

6. Særforbund

- Allidretten er ikkje knytt til eit bestemt særforbund.

7. Konkurransar –Stemner – Turneringar

- 3. og 4. klasse har fått tilbod om å delta på minihandballturneringar i 2022, der det er fleire aktive. Kjekke turar og godt sosialt opplegg med hjelp frå foreldre og handballgruppa.

9. Økonomi

- Sjå vedlegg

10. Anlegg & Utstyr

- Det er særgruppene som organiserer aktivitetane, så me nyttar deira utstyr. Elles har me kjøpt inn fleire handballar som blir nytta under balleiken. Desse må stadig fornyast da dei av ulike årsaker forsvinn frå lageret til allidretten.

11. Oppgåver i året som kjem

- Arbeide for at ungane framleis får eit godt og variert tilbod gjennom allidretten. Håp om å få med flest mogleg av gruppene i Jotun, slik at ungane får teste ut alle tilboda me har i laget. Samtidig utvikle allidretten vidare, finne ut kva som er beste organiseringa for å halde interessen oppe blant ungane.

12. Eksterne verv – representasjon

- Gruppa har ingen eksterne verv

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon
Telefaks


Bank
3705.39.43498
Foretaksregisteret
975 702 308

14. Val

- **Desse er på val og stiller ikkje til gjenval:**
 - Marianne Sundal
 - May Lisbeth Midtun
 - Jorunn Smedegård
 - Linn Theres Kristiansen
- **Desse er føreslått som nye representantar:**
 - Unni Lindborg
 - Malin Natvik Hellebø
 - Catrine Jevnaker

For styret i allidretten


Marianne Sundal



Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3705.39.43498
Foretaksregisteret
975 702 308

Firma: , Aar: 2022, Periode: 12
Allidrett

	Denne periode		Hittil		Hele året
	Reg i år	Reg i fjor	Reg i år	Reg i fjor	Reg i fjor
Salgsinntekter	9.634	5.075	39.341	26.835	26.835
3120 Kiosksalg avg.fritt	0	0	29.707	13.920	13.920
3240 Dugnad	9.634	0	9.634	0	0
3251 Lotteritilskot/Grasrotandel	0	5.075	0	12.915	12.915
Andre inntekter	1.376	1.805	1.376	1.805	1.805
3503 Fra HL LAN/MVA komp	1.376	1.805	1.376	1.805	1.805
Sum driftsinntekter	11.010	6.880	40.717	28.640	28.640
Varekostnader	211	0	18.674	3.471	3.471
4120 Kjøp Kioskvare avg.fritt	418	0	12.339	3.471	3.471
4700 Arrangementutgifter	-207	0	6.335	0	0
Bruttofortjeneste	10.799	6.880	22.043	25.169	25.169
Dekningsgrad	98,09	100,00	54,14	87,88	87,88
Kostnader lokale	3.955	3.850	7.797	6.490	6.490
6310 Halleige/baneleige	3.955	3.850	7.797	6.490	6.490
Verktøy, inventar	0	0	5.804	7.061	7.061
6540 Kostnadsført inventar/utstyr	0	0	3.818	0	0
6571 Idrettsutstyr/tape/is	0	0	1.986	7.061	7.061
Fremmede tjenester	1.000	0	1.000	0	0
6705 Regnskapshonorar	1.000	0	1.000	0	0
Andre kostnader	0	0	478	279	279
7770 Bank og kortgebyrer	0	0	0	35	35
7780 Gebyr vipps	0	0	478	244	244
Sum driftskostnader	4.955	3.850	15.079	13.831	13.831
Driftsresultat	5.844	3.030	6.965	11.338	11.338
Finansinntekter	84	0	84	0	0
8051 Renteinntekt bank SSF	84	0	84	0	0
Netto finansposter	84	0	84	0	0
Resultat før skatt	5.928	3.030	7.049	11.338	11.338
Resultat etter skatt	5.928	3.030	7.049	11.338	11.338